

Årsmelding 2016

Vennelaget Jan-Magnus Bruheim

Prosjektet «Jan-Magnus Bruheim 100 år» vart trekt ut av Skjåk kommune 31/12-15. Vi heiter no «Vennelaget Jan-Magnus Bruheim».

Vi sende ut invitasjon til stiftingsmøte, som gjekk føre seg 6. mai 2016 kl 18 i Utgard i Skjåk hjå Mari Brenna. Stiftingsmøtet bestemte kven som skulle vere med i styret og at styret skulle konstituere seg sjølv.

Styret hadde eitt møte i 2016, på dette møtet konstituerte styret seg sjølv.

Styret i 2016

Leiar: Sigrun Eide (frå 2016), vald for 1 år

Skrivar: Sigrun Eide (frå 2016), vald for 2 år

Styremedlem: Rolv Kristen Øygard (frå 2016), vald for 3 år

Styremedlem: Else Hove Hyrve (frå 2016), vald for 2 år

Styremedlem: Magni Øvrebotten (frå 2016), vald for 3 år

Styremedlem: Ingvill Høgvoll (frå 2016), vald for 3 år

Varamedlemmer

Vara: Magnhild Bruheim (frå 2016), vald for 2 år

Vara: Tora Eiterjord (frå 2016), vald for 2 år

Kasserar

Ingulf Brandsarbakken (frå august 2017), vald for 3 år

Valnemnda

Sevald Sperstad, leiar i nemnda, vald for 3 år (frå 2016)

Ingeborg Randen, vald for 2 år (frå 2016)

Ola Bøye, vald for 1 år (frå 2016)

§ 2. Føremål

Føremålet til foreininga er å vidareføre det arbeidet som vart sett i gang under jubileumsåret i 2014 og å gjere livet, diktinga og heimbygda til Jan-Magnus Bruheim betre kjend og tilgjengeleg. Det økonomiske overskotet frå jubileumsåret 2014 er øyremerka utgjevinga av ei barnebok med dikt av Jan-Magnus Bruheim. Foreininga skal også skape interesse for og spreie informasjon og kunnskap om litteratur og forteljarkunst generelt, og nynorsk litteratur og diktarane i regionen spesielt. Dette vil vi oppnå gjennom å samarbeide med Diktardagar i Ottadalen og andre arrangement/tiltak. Foreininga vil samarbeide med biblioteket, skulane og kultursektoren i kommunen og andre aktuelle samarbeidspartnarar.

Leiarens oppgåver etter stiftingsmøtet

- Skrive protokoll frå Stiftingsmøtet
- Lage vedtekter
- Søkje om organisasjonsnummer
- Lage utgjevaravtale som vareeigar med Bokbasen AS

Vi fekk godkjent søknaden om organisasjonsnummer, nummeret er 917 212 953.

Overskotet frå jubileumsåret er i § 2 øyremerka barnebok. Vi har ei barneboknemnd og vi har oppretta kontakt med Samlaget.

Barneboknemnda

Redaktør: Hildegunn Solberg Nes

Medlem: Sigrun Eide

Medlem: Ingvill Høgvoll

Barneboknemnda hadde første møte 7/11-16. Elles har dei tett kontakt pr. e-post.

Diktarstig i Botnane

Magni Øvrebotten er prosjektleiar for ein ny diktarstig med dikt av Jan-Magnus Bruheim. Opninga av denne stigen skal gå føre seg 18.08.2018. Vennelaget Jan-Magnus Bruheim har støtta dette prosjektet økonomisk.

Arrangement 2016

Vennelaget var med i Diktardagar 2016. Vi var med og arrangerte, og la til rette for forestillinga «Berre kjærleik og død» som gjekk føre seg i Marlo Grendehus. Vi stilte også som billettørar på fleire andre arrangement og vi laga fleire plakatar for Diktardagar.

Vennelaget

«Vennelaget Jan-Magnus Bruheim» vart stifta i forkant av jubileumsåret i 2014. Laget skal vera med å halde oppe interessa for diktinga og skapa kontakt med andre venner av forfattaren. Vennelaget er organisert gjennom heimesida: janmagnusbruheim.no. Det er 253 personar som er registrert på denne lista. Vennelagspengane har m.a. vore med og støtta arrangement i jubileumsåret. Når du først er medlem, gjeld det for alle år framover, det er ikkje snakk om årlege medlemspengar. Folk har betalt inn alt frå 100 til 1000 kroner, eller kva dei måtte ønskje. Dette har vore ein god finansieringskjelde, vi set stor pris på kvar og ein.